



A V T A L E

om plass for teknisk utstyr

Mellom

Eigar:	Radøy kommune (Etter dette Eigar)
Adresse:	Radøyvegen 1690, 5936 Manger
Organisasjonsnummer:	954 748 634

og

Leietakar:	Telia Norge AS (Etter dette Leietakar)
Adresse:	Postboks 4444 Nydalen, 0403 Oslo
Organisasjonsnummer:	981 929 055

Det er inngått kontrakt om leige av plass til basestasjonsutstyr på følgjande avtaleobjekt:

Stasjonsid:	HRD867 (nemninga framkjem frå Leietakar)		
Stasjonsnavn:	Skjelvik (nemninga framkjem frå Leietakar)		
Adresse:	Valdersnesvegen 140, 5939 Sletta		
Gnr/Bnr/Snr:	99/55		
Kommune:	Radøy	Fylke:	Hordaland

1 FORMÅL

Målet med avtalen er leige av plass til etablering, drift, (óg ombygging og fornying) av kommunikasjonsutstyr (basestasjon).

2 AVTALEOBJEKTET

- 2.1 Avtaleobjektet vert definert som: Plass til Leietakar sitt tekniske utstyr og antenner, medrekna føringsvegar for tilhøyrande kablar og rør med feste, i hytte og mast på adressa Valdersnesvegen 140.
- 2.2 Eigar stiller til rådvelde eit areal på omlag 3 m² i letthytte og plass til antenner og radiolinjeiningar i mast og kabelføring som er naudsynt for anlegget. Dette er spesifisert ved fotomontasje, under pkt 15 Vedlegg.

Leietakar nemner avtaleobjektet som følgjer: HRD867 Skjelvik.
Nemninga skal nyttast ved all kontakt mellom partane.

3 VARIGHEIT

- 3.1 Leigetilhøvet gjeld frå underteikninga av denne avtalen og i 10 år, med rett for Leietakar til å forlengja avtalen i 10 + 10 år på same vilkår.



Radøy kommune

- 3.2 Om Eigar skal riva bygning, eller foreta ombygging utover det som kan karakteriserast som opprusting, og det ikkje er mogeleg for Leigetakar å flytta/endra plasseringa av sine installasjonar, har Eigar rett til å seia opp leigetilhøvet med 12 månaders skriftleg varsel på førehand.

4 VEDERLAG

- 4.1 Eigar stiller plass for utstyr i hytte og mast vederlagsfritt til Leigetakar sin disposisjon.

For leveranse av kraft/straum må Leigetakar avtala dette direkte med Telenor Norge AS som står som eigar av straumabonnement/og likerettar på avtaleobjektet.

- 4.2 Leigetakar skal til ei kvar tid halde avtaleobjektet i god stand.

5 TILKOMST

- 5.1 Leigetakar, og personar som arbeider på oppdrag for Leigetakar, skal ha tilgang til avtaleobjektet 24 timer alle dagar i året, frå og med tilgang til avtaleobjektet.
- 5.2 Avtaleobjektet er sikra med Telnor Norge AS sitt nøkkelsystem og Leigetakar må syte for å rekvirera nøklar frå Telenor Norge AS ved Adgangskontrollen.
- 5.3 Kontaktinformasjon:

Kontaktinformasjon Eigar	Kontaktinformasjon Leigetakar
Navn: Harald J Stanghelle Telefon: +47 56 34 90 09 Mail: harald.stanghelle@radoy.kommune.no	Telefon: 23 88 80 00 Mail: eiendom@telia.no

6 EIGAR SINE ANDRE RETTAR OG PLIKTER

- 6.1 Dersom Eigar har planar om endringar (f eks nytt bygg, påbygg, etc.) på avtaleobjektet, slik at Leigetakar si etablering kan verta forstyrra, skal Eigar seinast 6 månadar før iverksetjing informera Leigetakar skriftleg om dette. Eigar skal sjå til at arbeid vert til minst mogeleg sjenanse for Leigetakar. Dersom Leigetakar finn at hans signal då vil verta forstyrra og at endringar er nødvendige, skal partane inngå avtale om dette. Ein slik avtale kan omfatta midlertidig eller fast flytting av Leigetakar sitt utstyr eller andre tilpassingar av avtaleobjektet.
- 6.2 Dersom Eigar har planar om utplassering av eige kommunikasjonsutstyr eller om utleige til anna kommunikasjonsutstyr på avtaleobjektet slik at Leigetakar si etablering kan bli skjerma eller forstyrra på annan måte, skal Eigar straks informera Leigetakar skriftleg om dette. Partane skal då einast om ei utbygging som ikkje forstyrrar dei etablerte installasjonane.



7 LEIGETAKAR SINE ANDRE RETTAR OG PLIKTER

- 7.1 Leigetakar har eigedomsrett til sitt eige utstyr installert eller plassert på avtaleobjektet.
- 7.2 Leigetakar kostar montering, demontering, vedlikehald og drift av basestasjonsutstyret, hytte og mast.
- 7.3 Leigetakar skal halda sitt eige utstyr forsikra og ha eiga ansvarsforsikring.
- 7.4 Leigetakar pliktar seg til å installera, plassera og bruka utstyret sitt på ein slik måte at telefon, TV, radio eller elektroniske installasjonar som frå før er på avtaleobjektet, ikkje vert påverka. Det er pårekna at det tidligare installerte utstyret har fått normalt vedlikehald, er korrekt installert og har naudsynte offentlege godkjenningar.
- 7.5 Til etableringa si har Leigetakar rett til å installera ventilasjons- og/eller luftavkjølingsutstyr. Plassering av slikt utstyr skal verta avtalt med Eigar. Auka behov for kjøling grunna Leigetakar sitt behov vert dekkja av Leigetakar sjølv.
- 7.6 Til etableringa si har Leigetakar rett til å montera naudsynte kabelbruer, rør, antenner med feste, og kabelføringar til utstyret sitt.
- 7.7 Leigetakar har rett til vedlikehald, endring eller utskifting av installasjonane sine innafor dei avgrensingar som er omtalt i denne avtalen eller i tilleggsavtalar. Endringar utover dette, skal partane avtala skriftleg før igangsetjing.
- 7.8 Leigetakar er ansvarlig for å innhenta og inneha alle naudsynte løyve frå offentlege myndigheiter for etableringa på avtaleobjektet. Leigetakar sitt utstyr skal tilfredsstilla alle relevante offentlege godkjenningar
- 7.9 Leigetakar har ikkje eksklusiv rett til avtaleobjektet. Leigetakar har anledning til å sikra utstyret sitt slik at uvedkommande ikkje får tilgang til utstyret.

8 OPPHØR AV LEIGETILHØVET

- 8.1 Avtalen si gjennomføring krev at Leigetakar oppnår eventuelle offentlege løyve til å nytta avtaleobjektet til det formål skildra i punkt 1. Dersom slike løyve ikkje vert gjevne, fell alle rettar og plikter i denne avtalen bort.
- 8.2 Ved opphør av avtalen skal Leigetakar føra attende avtaleobjektet slik at det svarar til tilhøva ved starten av avtalen. Eigar har høve til å overta installasjonen, eller delar av den, etter skriftleg avtale mellom partane.

9 AVTALEBROT OG ERSTATNING

- 9.1 Partane skal utan ugrunna opphald varsla kvarandre dersom det vert oppdaga feil eller skadar på avtaleobjektet eller eigedom.
- 9.2 Ved misleghald av avtalen kan Partane krevja erstatning etter alminnelege reglar om erstatningsansvar i kontraktsforhold. Indirekte tap vert ikkje dekkja med mindre den andre parten har handla forsetteleg eller grovt uaktsomt.
- 9.3 Ved vesentlig misleghald frå den eine parten kan den andre parten heva avtalen. Før heving kan skje skal det gjevast rimeleg frist til å bringe forholdet i orden.



10 OVERDRAGELSAR

10.1 Dersom Leigetakar overdreg si verksemd til andre, følgjer avtaleforholdet verksemda. Leigetakar har rett til å overdra sine rettar og plikter etter avtalen heilt eller delvis til eit av sine tilknytte selskap, samt innafor konsern, jf. allmennaksjeloven § 1-3, men slik at utanlandske selskap er inkludert.

10.2 Dersom Eigiar overdreg avtaleobjektet til andre, følgjer avtaleforholdet med. Eigiar pliktar straks å informera Leigetakar om overdragelsen samt informera den nye eigaren om rettane i denne avtalen.

11 TINGLYSNING

Tinglysingsutgiftenr fell på den av partane som krev tinglysning.

12 RANGERING

Ved motstrid mellom avtalen sin hovuddel og vedlegga skal avtalen sin hovuddel ha forrang, så langt det ikkje uttrykkelig er oppgitt noko anna i vedlegget.

Ved motstrid mellom avtalen sin hovuddel og eventuelle tilleggsavtalar skal avtalen sin hovuddel ha forrang, så langt det ikkje uttrykkeleg er oppgitt noko anna i tilleggsavtalen.

13 KONFIDENSIALITET

Partane, og alle som opptrer på vegne av partane, pliktar å behandla konfidensielt alt dei ved inngåing og gjennomføring av Avtalen får kjennskap til om den andre parten, og som det er grunn til å anta at den andre parten ser som konfidensiell informasjon. Konfidensialiteten gjeld óg etter avtaleforholdet sitt opphør.

14 VERNETING, TVISTER

Partane vedtek avtaleobjektet si plassering som rette verneting i alle tvistar som gjeld dette avtaleforholdet.

Tvistar skal søkjast løyst ved forhandlingar. Fører ikkje forhandlingar fram, skal tvisten avgjerast ved de ordinære domstolar.

15 VEDLEGG

Vedlegg lista nedanfor er delar av denne avtalen:

Vedlegg 1: Plassering av utstyr i hytte

Vedlegg 2: Plassering av antenner i mast



16 SIGNATUR

Denne avtalen er skrive i 2 -to- likelydande eksemplar, eit til kvar av partane og signert av personar med mynde.

Radøy, den / 2016

Oslo, den / 2016

Radøy kommune

Telia Norge AS

som Eigar

som Leigetakar.

Jarle Landås
(Rådmann)



Torben Gjertsen
(Akkvisitør)

Olav Alme
(Eigedomssjef)

Vedlegg 1: Plassering av utstyr i hytte

- BTS3900L Huawei radiokabinett (600x450x1600mm)
- Knürr 19" rack 2m (600x600x2000mm)
- 1 rackplass for evt. framtidig utviding

Vedlegg 2: Plassering av antenner i mast

- 3 stk Kathrein 80010668 (LTE800, LTE1800), høgde 26meter, retning 40, 160 og 280 grader
- 3 stk Kathrein 80010622V01 (GSM/UMTS900, UMTS2100), høgde 24meter, retning 40, 160 og 280 grader
- Evt. radiolinjeantenne